



Samnanger kommune
Tyssevegen 217

5650 TYSSE

postmottak@samnanger.kommune.no

innspel til kommuneplanen sin arealdel i Samnanger kommune

Me visar til rullering av arealdelen til kommuneplanen 2017 – 2027 for Samnanger med utsett høringsfrist til 30.06.2017.

Lerøy Vest har ein stor og variert aktivitet i AK-området ved Sagen i Samnanger kommune, der ein har produksjon av rognkjeks på land og har ein Tubmerd som er eit semi-lukka anlegg på sjøen. I kar på land på Sagen har Lerøy også løyve til å produsera berggyllt, men denne produksjonen er ikkje kome i gang ennå.

Lokaliseringa på Sagen har vist seg å vera god i forhold til Tubmerd i sjø, og det kan derfor verta aktuelt ein gang i framtida å leggja fleire liknande anlegg ved Sagen. For å unngå å gå om dispensasjon i slike søknader, ønsker Lerøy at Samnanger kommune set av eit større område til Akvakultur i sjø ved Sagen. Årsaken til storleiken på det føreslåtte området er at denne fjorden er så djup at ein treng store fortøyingar og me ønsker at dei også kjem innnafor område satt av til Akvakultur.

I vedlagt kart ser ein detaljane rundt dette forslaget.

Treng kommunen ytterlegare informasjon, så ver venleg ta kontakt med underteikna.

Vedlegg

Bekkjarvik 29.06.2017

Med venleg helsing
for Lerøy Sjøtroll

A handwritten signature in blue ink that reads "Nils Arve Eidsheim".

Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt for Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk

Forslag AK-område Sagen, Samnanger kommune

